

Framtidsbilde

Tema: Systematisk arbeid med inkluderende, trygt og godt barnehagemiljø for alle barn innebærer at barna skal oppleve inkludering, tilhørighet og omsorg

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Barna "I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap." (Rammeplan 2017, s.22)	<ol style="list-style-type: none">1. Alle barna deltar i positivt samspel med andre barn og vaksne2. Barna gir uttrykk for alle kjensler i barnehagen3. Barna får reguleringsstøtte når dei treng dette4. Barna deltar aktivt i eiga og andre si læring
Personalet "Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for." (Rammeplan 2017, s.22)	<ol style="list-style-type: none">1. Personalet er tilstades og støtter barna heile barnehagedagen både fagleg og sosialt - i leik, samspel og kommunikasjon2. Personalet ser, høyrer, tolker, forstår og anerkjenner barna sine følelsar3. Personalet gir barn reguleringsstøtte, og unngår spegling kring negative følelsar4. Personalet justerer og tilpasser miljøet for at alle barn skal oppleve glede, mestring i det sosiale fellesskapet
Føresette "Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling" (jf. barnehagelova § 1.) ... "Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg." (Rammeplan 2017, s. 29)	<ol style="list-style-type: none">1. Førsette opplever tidleg involvering2. Førsette deltar i dialog og drøfting av kvalitet, og tiltak for å oppnå eit trygt og god sosialt miljø for alle barna3. Foreldra ser og snakkar med eigne og andre barn i barnehagen4. Førsette og barnehagen samarbeider om barnet si læring og utvikling
Barnehagen som lærande organisasjon "Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektera rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelige rollemodellar. Dei skal sørgje for gode relasjonar mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra." (Rammeplan for barnehage 2017, s.15)	<ol style="list-style-type: none">1. Personalet drøfter og har felles forståing for begrepet inkludering2. Personalet har rutinar for og jobber systematisk med å førebygga, undersøka og handtera krenking og mobbing i barnehagen3. Personalet reflekterer over, drøfter og utvikler eigen praksis i lys av nyare teori og forskning4. Personalet legg vekt på kollektiv læring og nyttar lærande møter for å utvikla kapasitet og kvalitet i det pedagogiske innhaldet for barna